



Innkalling
av
Eldrerådet

Møtedato: 17.09.2019

Møtestad: Rådhuset, formannskapssalen

Møtetid: 10.00 - 13.00

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf. 474 64 145, sms til 474 64 145 eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
021/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
022/19	Godkjenning av møteprotokoll
023/19	Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphold i institusjon i Alver kommune
024/19	Melding/orientering til eldrerådet 17.09.2019

6. september 2019

Terje Fjellanger
møteleiar

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
021/19	Eldrerådet	PS	17.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	19/2063

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
022/19	Eldrerådet	PS	17.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	19/2063

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Eldrerådet - 18.06.2019

Møteprotokollen vert godkjent

Saksopplysningar:



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 18.06.2019

Møtestad: Rådhuset, formannskapssalen

Møtetid: 10:00 - 11:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Anna K. Valle	SP	Medlem
Svanhild Eknes		Medlem
Alf Sætran		Medlem
Magnhild Marie Haugen		Nestleiar
Terje Fjellanger		Utvalsleiar

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Astrid Aarhus Byrknes-ordførar, Kaia Marie Amland-rådgjevar plan, Kristin Nielsen-rådgjevar plan, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
015/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
016/19	Godkjenning av møteprotokoll
017/19	1. gangs handsaming av områdereguleringsplan for Ostereidet - planID 1263-201802
018/19	Lonena områdeplan - framlegg til 1. gongshandsaming - 1263- 201610
019/19	Søknad om økonomisk stønad til eldredagen
020/19	Melding/orientering til eldrerådet 18.06.2019

015/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

18.06.2019 ELDRERÅDET

Innkalling ikke kommet fram i tide. 1 uke framsending. Magnhild har ikke fått innkalling. Ellers ingen merknader, samrøystes.

ER - 015/19 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent

016/19: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

18.06.2019 ELDRERÅDET

Ingen merknader, samrøystes.

ER - 016/19 VEDTAK:

Møteprotokollen er godkjent

017/19: 1. gangs handsaming av områdereguleringsplan for Ostereidet - planID 1263-

201802

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 å legge områdeplan for Ostereidet – med planID 1263-201802 – ut til offentleg ettersyn på vilkår av at følgjande først vert endra:

1. Det vert lagt inn eit føresegnområde i grenseområdet mellom o_BIA og o_BU for å gi tilstrekkeleg plass til utviding av eksisterande veg og etablering av fortau i samband med bygging av ny idrettshall. Føresegnområdet strekk seg ikkje lenger enn naudsynt og inntil 10 meter parallelt med formålsgrensa mellom o_BIA og o_BU inn i o_BIA.
2. Det vert lagt inn avkørslepilar til alle eigedomar under felt B4 og B5 i plankartet.
3. Det vert lagt inn samanhengande fortau i plankartet frå nordenden av o_SGG7, langs yttersvingen av o_SKH5, vidare langs yttersvingen av o_SVG som grensar til o_SKV10 og o_SKV9, fram til krysset mellom o_SKV9 og o_SV5.
4. Tekniske vegteikningar vert lagt ved planmaterialet.

29.05.2019 Plan- og miljøutvalet

Tillegg til rådmannen sitt framlegg vart lagt fram i møte:

Føresegn § 4.2.10 a) vert endra:

«Området SKF1 skal nyttast til kombinert køyreveg og kollektivhaldeplass.» vert endra til:

«Området SKF1 skal nyttast til kombinert køyreveg og drivstofflevering.»

Føresegn § 7.2 får eit tillegg:

o_SKV7 skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BS2 og BS3.

Plankart (jf. punkt 3 i vilkår frå saksframlegget, med tilleggstekst til slutt):

Det vert lagt inn samanhengande fortau i plankartet frå nordenden av o_SGG7, langs yttersvingen av o_SKH5, vidare langs yttersvingen av o_SVG som grensar til o_SKV10 og o_SKV9, fram til krysset mellom o_SKV9 og o_SV5, vidare langs o_SV5 oh o_SV6 fram til innkøyrsla til o_SPA4.

Planomtalen:

Tabell 1-1 på side 9 i planomtalen vert endra frå:

Tal på nye einingar (bustader) / nytt næringsareal (BRA)	<p>Ca. 2250 m² BRA inkludert eksisterande handel Ca. 1090 m² BRA kontor- og service. Tal bustad einingar planen legg opp til utanom plankrav:<ul style="list-style-type: none">- 36 bustadar i BS1-BS3 og B9- 15 bustader i B4-B7- 3-5 bustader i B2- I tillegg er det høve til noko fortetting i eksisterande bustadområde B2, 3-5 bustader</p>
--	--

til:

Tal på nye einingar (bustader) / nytt næringsareal (BRA)	<p>Ca. 2250 m² BRA inkludert eksisterande handel Ca. 1090 m² BRA kontor- og service. Bustad totalt ca 140 nye (Del 1 hadde 214) B8 med plankrav: 51 bustader Tal bustad einingar planen legg opp til utanom plankrav:<ul style="list-style-type: none">- 36 bustadar i BS1-BS3 og B9- 43 bustader i B4-B7- 3-5 bustader i B2 (BRA gir rom for meir)- I tillegg er det høve til noko fortetting i eksisterande bustadområde B2, 3-5 bustader</p>
--	--

Framlegget vart samråystes vedteke.

Framlegg frå Plan- og miljøutvalet:

Tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg:

Føresegn

Det generelle plankravet i B3 vert endra: «Det tillatast inntil 5 nye bueiningar med inntil 1 sekundærhueining pr. hueining før plankravet slår inn.»

Framlegget vart samråystes vedteke.

PM - 055/19 VEDTAK:

Plan- og miljøutvalet vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 å legge områdeplan for Ostereidet – med planID 1263-201802 – ut til offentleg ettersyn på vilkår av at følgjande først vert endra:

1. Det vert lagt inn eit føresegnområdet mellom o_BIA og o_BU for å gi tilstrekkeleg plass til utviding av eksisterande veg og etablering av fortau i samband med bygging av ny idrettshall. Føresegnområdet strekk seg ikkje lenger enn naudsynt og inntil 10 meter parallelt med formålsgrensa mellom o_BIA og o_BU inn i o_BIA.
2. Det vert lagt inn avkjørslepilar til alle eigedomar under felt B4 og B5 i plankartet.
3. Det vert lagt inn samanhengande fortau i plankartet frå nordenden av o_SGG7, langs yttersvingen av o_SKH5, vidare langs yttersvingen av o_SVG som grensar til o_SKV10 og o_SKV9, fram til krysset mellom o_SKV9 og o_SV5, vidare langs o_SV5 oh o_SV6 fram til innkøyrsla til o_SPA4.
4. Tekniske veiteikningar vert lagt ved planmaterialet.
5. Føresegn § 4.2.10 a) vert endra:
 - i. «Området SKF1 skal nyttast til kombinert køyreveg og kollektivhaldeplass.» vert endra til:
 - ii. «Området SKF1 skal nyttast til kombinert køyreveg og drivstofflevering.»
6. Føresegn § 7.2 får eit tillegg:
 - i. o_SKV7 skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BS2 og BS3.
7. Det generelle plankravet i B3 vert endra i føreseggnene: «Det tillatast inntil 5 nye bueiningar med inntil 1 sekundærhueining pr. hueining før plankravet slår inn.»
8. Det vert lagt inn samanhengande fortau i plankartet frå nordenden av o_SGG7, langs yttersvingen av o_SKH5, vidare langs yttersvingen av o_SVG som grensar til o_SKV10 og o_SKV9, fram til krysset mellom o_SKV9 og o_SV5, vidare langs o_SV5 oh o_SV6 fram til innkøyrsla til o_SPA4.
9. Tabell 1-1 på side 9 i planomtalen vert endra frå:

Tal på nye einingar (bustader) / nytt næringsareal (BRA)	<p>Ca. 2250 m² BRA inkludert eksisterande handel Ca. 1090 m² BRA kontor- og service.</p> <p>Tal bustad einingar planen legg opp til utanom plankrav:</p> <ul style="list-style-type: none">- 36 bustadar i BS1-BS3 og B9- 15 bustader i B4-B7- 3-5 bustader i B2- I tillegg er det høve til noko fortetting i eksisterande bustadområde B2, 3-5 bustader
--	---

til:

Tal på nye einingar (bustader) / nytt næringsareal (BRA)	Ca. 2250 m ² BRA inkludert eksisterande handel Ca. 1090 m ² BRA kontor- og service.
	Bustad totalt maks 140 nye (Del 1 hadde 214)
	B8 med plankrav: 51 bustader
	Tal bustad einingar planen legg opp til utanom plankrav: <ul style="list-style-type: none"> - 36 bustadar i BS1-BS3 og B9 - 43 bustader i B4-B7 - 3-5 bustader i B2 (BRA gir rom for meir) - I tillegg er det høve til noko fortetting i eksisterande bustadområde B2, 3-5 bustader

17.06.2019 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Framlegg frå RMNF:

Rådet ber om at framtidig vegløsing blir tilrettelagt med sykkel- og gangveg. Den må også tilrettelegges for universiell utforming.

Framlegget vart samråystes vedteke.

RMNF - 023/19 UTTALE:

Rådet ber om at framtidig vegløsing blir tilrettelagt med sykkel- og gangveg. Den må også tilrettelegges for universiell utforming.

18.06.2019 ELDRERÅDET

Orientering ved rådgjevar plan, Kristin Nielsen.

Ingen merknader, samråystes.

ER - 017/19 UTTALE:

Eldrerådet har ingen merknader.

018/19: Lonena områdeplan - framlegg til 1. gongshandsaming - 1263- 201610

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I samsvar med plan- og bygningslova §12-10, legg plan- og miljøutvalet ut framlegg til områdeplan Lonena del av gnr. 185 bnr. 284, 346, 280, 281 og 1 til høyring og offentleg ettersyn, med følgjande endring:

- Føresegn 4.1.1.3 Byggjehøgder, punkt a blir tatt ut av føresegnene.

29.05.2019 Plan- og miljøutvalet

Rådmannen sitt framlegg med endring:

Føresegn 4.1.1.3 Byggjehøgder, punkt a blir tatt ut av føresegnene.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Høgre)

Framlegg frå H. Brunborg-Ap:

Endring i plankart-Endring av BKB3:

Framlegg 1: Austspissen av BKB3 vert redusert slik at den nye austgrensa går parallellt med høgspentraseen. Grensa startar ved nordspissen av o_SVG16.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (H. Brunborg-Ap, Nils M. Bakke--Sp, B.Risøy-Krf, M. Knudsen-Krf.

Framlegg frå H. Brunborg-Ap:

Endring i plankart-Endring av BKB3:

Framlegg 2: Austspissen av BKB3 vert redusert slik at den nye austgrensa går parallellt med høgspentraseen. Grensa startar ved nordspissen av o_SVG16. Arealet av det fjerna området skal kompenserast med forlenging med tilsvarende areal av BKB4 i nord.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (S. Hauge-Ap, V. Wergeland-Krf, A. Dyngen-Uavh, A. J. Hetland-H, I. Fjeldsbø-H, A. Høgquist-H)

Framlegg frå H. Brunborg-Ap:

Fjerning av energianlegg:

Framlegg: Areal o_BE1 skal endrast til «parkeringsplass» og innlemmast i o_SPA.

Areal o_BE2 skal innlemmast i «Friområde» o_GF1

Framlegget vart samråystes vedteke.

Fellesframlegg v/M. Knudsen-Krf:

Endring av føresegnene:

2.1.2.4 Endrast til; Leilegheitsbygg kan supplere heilskapen.

2.1.3.1 Andre setning endrast til: Støttemur bør unngåast, men dersom dei er naudsynte må dei utformast på særleg estetisk vis....

2.1.3.3 Endrast til: Det skal planleggjast og byggjast samanhengande fellesareal slik at dei grøne strukturane og stiar i dei ulike delfelta innanfor planområdet kan sjåast som eit samanhengande nettverk. Private areal og mellomromsareal skal henge saman i ein heilskapleg grøntstruktur.
Kvalitetsprogrammet datert 08.05.19 er rettleiande

2.1.6 Endrast til: Det skal etablerast moderne avfallsløysingar og miljøstasjonar for busetnaden. Nye byggeområde bør i hovudsak utviklast med moderne avfallsløysing.

3.1 d kulepunkt 8- Endrast til: Plassering og utforming av uteoppahaldsareal og leikeplassar, renovasjon og trafokiosk/ energistasjon.

3.2.1 Endrast til: grøne punkt/målpunkt til dømes leikeplassar og andre møtepunkt.

3.2.4 Siste setning endrast til: Ved arbeid på offentleg veg, må det gjerast gjennomføringsavtale med vegeigar.

4.1.1.2 a) Endrast til: Minimum 50% av bueiningane innanfor kvart delfelt skal vere 120m² eller

større

B) Endrast til: Maksimum 10% av bueningane innanfor kvart delfelt kan vere mindre enn 50m2.

4.1.1.3 a) Endrast til: Bygg skal vere maksimalt 3 etasjar med buareal.

4.1.1.3 c) Fjernast.

4.1.1.4 b) Andre setning endrast til: Dersom det ikkje er mogleg å leggje parkering under bakken, bør det løysast i felles anlegg i bygg.

4.1.1.4 e) Fjerne andre setning «Minst 4% av parkingsplassane skal reserverast til rullestolbrukarar.»
Første setning endrast til «Minst 5% av felles parkeringsplassar...»

Legg til: 4.1.1.4 f. Gjesteparkering skal sikres i hvert delfelt.

4.1.3 2 Endrast til : Utforming skal særleg ta omsyn til fjernverknad og miljø mot vegar, grøntstruktur og stiar.

4.1.4.3 Fjerne andre setning: «Det er ønskeleg med mogleghet for barnehage innan formålet.»

4.1.6 Heile føresegna fjernast.

4.2.3 Legge til: Minst 25% skal avsetjast til mennesker med nedsatt funksjonsevne.

Punkt 4.3.1.1 Fjernast.

4.3.1.2 – Endrast til: Brekkeløypa/opp arbeida turvegar skal oppretthaldast.

Framlegget vart samråystes vedteke.

Plan og Miljøutvalet oppmodar FAU, lag, foreiningar og andre interesserte til å gje merknader til planen. På grunn av forventa stor pågang er det viktig at desse blir levert skriftleg.

PM - 054/19 VEDTAK:

I samsvar med plan- og bygningslova §12-10, legg plan- og miljøutvalet ut framlegg til områdeplan Lonena del av gnr. 185 bnr. 284, 346, 280, 281 og 1 til høyring og offentleg ettersyn, på følgjande vilkår:

Endring i plankart:

Endring av BKB3

Austspissen av BKB3 vert redusert slik at den nye austgrensa går parallelt med høgspentraseen. Grensa startar ved nordspissen av o_SVG16. Arealet av det fjerna området skal kompenserast med forlenging med tilsvarende areal av BKB4 i nord.

Fjerning av energianlegg:

Areal o_BE1 skal endrast til «parkeringsplass» og innlemmast i o_SPA.

Areal o_BE2 skal innlemmast i «Friområde» o_GF1

Endring av føresegne:

2.1.2.4 Endrast til; Leilegheitsbygg kan supplere heilskapen.

2.1.3.1 Andre setning endrast til: Støttemur bør unngåast, men dersom dei er naudsynte må dei utformast på særleg estetisk vis....

2.1.3.3 Endrast til: Det skal planleggjast og byggjast samanhengande fellesareal slik at dei grøne strukturane og stiar i dei ulike delfelta innanfor planområdet kan sjåast som eit samanhengande nettverk. Private areal og mellomromsareal skal henge saman i ein heilskapleg grøntstruktur.
Kvalitetsprogrammet datert 08.05.19 er rettleiande

2.1.6 Endrast til: Det skal etablerast moderne avfallsløysingar og miljøstasjonar for busetnaden. Nye byggjeområde bør i hovudsak utviklast med moderne avfallsløysing.

3.1 d kulepunkt 8- Endrast til: Plassering og utforming av uteoppahldsareal og leikeplassar, renovasjon og trafokiosk/ energistasjon.

3.2.1 Endrast til: grøne punkt/målpunkt til dømes leikeplassar og andre møtepunkt.

3.2.4 Siste setning endrast til: Ved arbeid på offentleg veg, må det gjerast gjennomføringsavtale med vegeigar.

4.1.1.2 a) Endrast til: Minimum 50% av bueingane innanfor kvart delfelt skal vere 120m² eller større

B) Endrast til: Maksimum 10% av bueningane innanfor kvart delfelt kan vere mindre enn 50m².

4.1.1.3 a) Endrast til: Bygg skal vere maksimalt 3 etasjar med buareal.

4.1.1.3 c) Fjernast.

4.1.1.4 b) Andre setning endrast til: Dersom det ikkje er mogleg å leggje parkering under bakken, bør det løysast i felles anlegg i bygg.

4.1.1.4 e) Fjerne andre setning «Minst 4% av parkingsplassane skal reserverast til rullestolbrukarar.»

Første setning endrast til «Minst 5% av felles parkeringsplassar...»

Legg til: 4.1.1.4 f. Gjesteparkering skal sikres i hvert delfelt.

4.1.3 2 Endrast til : Utforming skal særleg ta omsyn til fjernverknad og miljø mot vegar, grøntstruktur og stiar.

4.1.4.3 Fjerne andre setning: «Det er ønskeleg med moglegheit for barnehage innan formålet.»

4.1.6 Heile føresegna fjernast.

4.2.3 Legge til: Minst 25% skal avsetjast til mennesker med nedsatt funksjonsevne.

Punkt 4.3.1.1 Fjernast.

4.3.1.2 – Endrast til: Brekkeløypa/opparbeida turvegar skal oppretthaldast.

Plan og Miljøutvalet oppmodar FAU, lag, foreiningar og andre interesserte til å gje merknader til planen. På grunn av forventa stor pågang er det viktig at desse blir levert skriftleg.

17.06.2019 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Orientering til saka v/Kaia Marie Amland-rådgjevar Plan

Framlegg frå RMNF:

Endring til rådmannen sitt framlegg:

Universell utforming:

...skal trinnfri løysing tilstrebast, må endrast til: ..må trinnfri løysing tilstrebast.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF - 024/19 UTTALE:

Universell utforming: ...skal trinnfri løysing tilstrebast, må endrast til: ..må trinnfri løysing tilstrebast.

18.06.2019 ELDRERÅDET

Orientering ved rådgjevar plan, Kaia Amland.

Ingen merknader, samrøystes.

ER - 018/19 UTTALE:

Eldrerådet har ingen merknader.

019/19: Søknad om økonomisk stønad til eldredagen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klovheim-, Lindås- og Osterfjorden pensjonistlag får kr. 15 000,- i økonomisk stønad til eldrefesten 1.oktober 2019.

18.06.2019 ELDRERÅDET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ER - 019/19 VEDTAK:

Klovheim-, Lindås- og Osterfjorden pensjonistlag får kr. 15 000,- i økonomisk stønad til eldrefesten 1.oktober 2019.

020/19: Melding/orientering til eldrerådet 18.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

18.06.2019 ELDRERÅDET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ER - 020/19 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
023/19	Eldrerådet	PS	17.09.2019
028/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	16.09.2019
	Levekårsutvalet	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kari Hesjedal	17/86

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune

Vedlegg:

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune - vedtak fellesnemndaForskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saka vert lagt fram for politisk høyring

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Eldrerådet og i Levekårsutvalet

Bakgrunn

02.09.2019 gjorde Fellesnemnda Alver følgjande vedtak :*Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert sendt ut på høyring. Høyringsfrist er 04.10.19.*

Høyringsframlegget vart lagt ut på Meland, Radøy og Lindås kommune sine nettsider 03.09.19 og kunngjort i lokalavisa.

Vurdering

Høyringsframlegget vert lagt fram for politisk diskusjon i eksisterande organisasjon

Arkiv:
JournalpostID: 19/270
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Dato: Forthun
26.08.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
040/19	Fellesnemnda Alver	02.09.2019

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune

Vedlegg i saken:

26.08.2019 Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver 1325727
kommune

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert sendt ut på høyring. Høyringsfrist er 04.10.19.

Fellesnemnda Alver 02.09.2019:

Handsaming:

Programansvarleg sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FA- 040/19 Vedtak:

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert sendt ut på høyring. Høyringsfrist er 04.10.19.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast av Fellesnemnda Alver.

Bakgrunn

Stortinget vedtok 13. juni 2016 lovendringar i pasient- og brukerrettighetsloven og helse- og omsorgstjenesteloven om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad særleg lagt til rette for heildøgns tenester. Pasientar eller brukarar har rett til opphold i institusjon dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste kommunale tilbodet som kan sikre pasienten og brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Lovendringa innebar også at kommunen vart pålagt å utarbeide ei kommunal forskrift med verknad frå 01.07.17. Forskrifta skal ha kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad lagt til rette for heildøgns tenester. Forskrift skal også ha reglar om tildeling av plass på venteliste til langtidsopphald, samt oppfølging av brukarar som står på venteliste. Lovendringa påla også kommunane å føre ventelister over pasientar eller brukarar som venter på langtidsopphald.

Meland, Radøy og Lindås kommunar har i dag kvar si lokale forskrift for tildeling av langtidsopphald

med reglar for venteliste. Ved etablering av Alver kommune er det nødvendig å samordne dagens tre forskriftar til ei ny forskrift, som kan tre i kraft frå 1. januar 2020. Ny forskrift vil erstatte dagens lokale forskrifter i kommunane.

Vurdering

Mandatet for å lage ny forskrift for tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune føl av prosjektforslaget for *Implementering av forvaltningsmodell i Alver kommune – helse og omsorg* pkt. 2.1. Prosjektforslaget er godkjent av administrativ styringsgruppe.

Prosessen for samordning av dei tre lokale forskriftene til nytt forskriftsforslag har lagt vekt på involvering av relevante nøkkelpersonar i alle tre kommunar og vidareføring av beste praksis.

Offentleg høyring av forskrifta vil gje brukarar/brukarorganisasjonar mulegheit for påverknad.

Prosessen med utforming av nytt forskriftsforslag har så langt vore slik:

- Dei tre lokale forskriftene er gjennomgått og utkast til ny forskrift er laga av prosjektleiar.
- Forskriftsutkastet er så gjennomgått av representantar for Meland, Radøy og Lindås kommune, herunder leiar for Meland sjukheim, leiar for Radøy Velferdssenter og leiar for Radøy interkommunale busenter. Forslaget er også forankra med einingsleiar for sjukeheimstenesta i Lindås/tenesteleiari for sjukeheimstenesta i Alver.
- Forskriftsutkastet er deretter behandla i prosjektgruppemøte 20. juni. Prosjektgruppa er samde om forslag til ny forskrift.
- Forskriftsforslaget frå prosjektgruppa er gjennomgått med kommunalsjef helse og omsorg Alver 26. juni.

Når det gjeld innhaldet i den nye forskrifta, så er det tatt utgangspunkt i tildelingskriterium i dagens tre forskrifter. Lindås, Meland og Radøy sine tre forskrifter har i all hovudsak dei same kriterium for tildeling av langtidsopphald, og same reglar for oppfølging av brukarar på venteliste. Alle kommunane har valt skjønsmessige kriterium som utgangspunkt for vurdering av om langtidsopphald skal tildelast (i staden for absolutte og objektive kriterium). Dette er i tråd med tilråding i forarbeida (Prop.99 L (2015-2016)) til helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 a. Desse kriteria vert dermed vidareført i det nye forslaget utan innhaldsmessig endring, men med språklege justeringar og forenklingar. Dette betyr også at den nye forskrifta ikkje vil føre til ei endring i dagens praksis for tildeling av langtidsplass i kommunane.

Meland og Radøy sine forskrifter har til forskjell frå Lindås si forskrift, reglar om sakshandsaming og klage. Desse reglane er ikkje vidareført i den nye forskrifta. Dette fordi sakshandsaming og klage alt er lovregulert, og det ikkje er nødvendig eller ønskjeleg å ha med slike reglar i forskrifta.

Radøy kommune har Radøy interkommunale busenter. Radøy si lokale forskrift omfattar i dag tildeling av langtidsopphald ved Radøy interkommunal busenter. Dette må vidareførast i den nye forskrifta for Alver.

Radøy interkommunale busenter reknast som ein institusjon som gir heildøgns tenester for pasientar med alvorleg og langvarig psykisk sjukdom. Pasientane ved busenteret har langtidsopphald.

Busenteret fell inn under vilkåret «tilsvarende bolig» i helse-og omsorgstjenesteloven § 3-2 a andre ledd kor det står at kommunen må ha lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald og venteliste til «sykehjem eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for heldøgns tjenester». Vilkåret «tilsvarende bolig» omfattar sjukeheim/institusjon som kommunen har valt å gi eit anna namn enn «sjukeheim», t. d. velferdssenter, busenter e.l. «Tilsvarende bolig» er dermed ei buform som oppfyller krav til institusjon, og kor pasientar betalar eigenandel for opphaldet på lik linje med langtidspasienter i sjukeheim. Med «tilsvarende bolig» meinast altså ikkje vanlege omsorgsbustader (med eller utan tilknytt bemanning), kor bustaden reknast som brukaren sin private heim, kor brukaren har husleigekontrakt i tråd med husleigelova og betalar måndleg husleige.

Det er 9 plassar ved Radøy interkommunale busenter. Radøy kommune disponerer nokon av desse plassane sjølv, og har ein vertskommuneavtale med Vik og Bergen kommunar for utleige av andre plassar. Vertskommuneavtalen fastet kriterium for tildeling av plassar ved busenteret. Desse kriteria vert tatt med inn i den nye forskrifta § 3.

Den nye forskrifta vil dermed omfatte tildeling av langtidsopphald i sjukheimar i Alver kommune (Knarvik sjukeheim, Lindås bu- og servicesenter, Meland sjukheim og Radøy Velferdssenter) og institusjon som har langtidsopphald for psykisk sjuke (Radøy interkommunale busenter). I den nye forskrifta er det gjennomgåande brukt omgrepet «institusjon» i staden for sjukeheim. Omgrepet institusjon omfattar etter sin ordlyd både sjukeheim og busenteret.

I den nye forskrifta er det presisert at pasientar med korttidsopphald kan settast på venteliste til langtidsopphald. Dette er i tråd med helse- og omsorgstjenesteloven, og gjeldande praksis i Lindås samt hjå fleire andre kommunar.

Det nye forslaget til forskrift er også vesentleg kortare enn noverande forskrifter i Radøy og Meland. Det nye forslaget har også fått nokre mindre redigeringsmessige endringar samanlikna med dagens forskrift i Lindås. Samla gjer dette forskrifta lettare å lese og henvise til.

Forskriftsforslaget har tatt utgangspunkt i oppsettet til dagens forskrift i Lindås, med dei justeringar som er gjennomgått over.

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Alver kommune dd.mmm. 2019 med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 a andre ledd jfr. første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c og lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 e.

Endrar: Forskrift 21. juni 2017 om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Lindås kommune, forskrift 14.juni 2017 nr. 1004 om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester, Meland kommune, og forskrift 15.06.2017 nr 1008 om rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester- kriteriar og ventelister, Radøy kommune.

§ 1. Formål

Forskrifta fastsett Alver kommune sine kriterium for tildeling av langtidsopphald i institusjon. Forskrifta regulerer korleis kommunen skal følge opp pasientar som ventar på langtidsopphald.

§ 2. Definisjonar av omgrep i forskrifta

- a) Institusjon: Institusjon omfatta av forskrift 14.11.1988 nr. 932 for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie.
- b) Langtidsopphald i institusjon: Opphold utan tidsavgrensing.
- c) Ventelista: Oversikt over pasientar som har fått vedtak om langtidsopphald, men som kan få naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester på anna måte medan dei ventar på langtidsopphald i institusjon. Ventelista gir ikkje ei prioritering av pasientar for langtidsopphald.
- d) Pasient: Ein person som vender seg til helse- og omsorgstenesta med oppmoding om helsehjelp, eller som helse- og omsorgstenesta gir eller tilbyr helsehjelp i det einskilde tilfelle jf. lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient-og brukerrettigheter § 1-3 bokstav a).

§ 3. Kriterium for tildeling av langtidsopphald

Langtidsopphald skal bli tildelt den som har vedvarande og omfattande behov for behandling eller oppfølging, som kommunen ikkje kan gi utanfor institusjon ut i frå kva som er fagleg forsvarleg.

Kommunen avgjer kva helse- og omsorgstenester som er naudsynt og forsvarleg, og kvar tenestene skal bli gitt. Langtidsopphald i institusjon kan ikkje bli tildelt utan at andre helse- og omsorgstenester først er vurdert eller prøvd.

For pasient i institusjon som er særskilt tilrettelagt for psykisk helsevern gjeld i tillegg at personen må kunne nyttiggjere seg tilbodet ved institusjonen og passe inn i eksisterande pasientgruppe. Det kan tildelast prøveperiode for inntil 3 månader om gangen.

§ 4. Venteliste til langtidsopphald

Venteliste kan bli nytta dersom det ikkje er ledig langtidsopphald. Den som fyller kriterium for å få langtidsopphald etter § 3, og som kommunen kan gi forsvarlege og naudsynte helse- og omsorgstenester på anna måte enn ved langtidsopphald i institusjon, kan få vedtak om plass på venteliste til langtidsopphald til institusjon. Pasientar med korttidsopphald kan settast på venteliste til langtidsopphald.

Ved endringar i behovet for helse- og omsorgstenester skal dette dokumenterast og tenestene skal tilpassast behovet.

Når det blir ledig langtidsopphald skal den som oppfyller kriterium etter § 3 og som kommunen vurderer å ha størst behov ut frå desse kriteria bli tildelt det ledige langtidsopphaldet. Dette gjeld enten vedkommande står på venteliste eller ikkje.

Dersom vilkåra for å stå på venteliste ikkje lenger er oppfylt, vil pasienten gå ut av ventelista.

§ 5. Vedtak

Kommunen fattar vedtak etter § 3 og § 4 i forskrifta her. Delegasjonsreglementet avgjer kven som har vedtaksmynde.

§ 6. Iverksetting

Denne forskriften trer i kraft 1. januar 2020.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
024/19	Eldrerådet	PS	17.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1034

Melding/orientering til eldrerådet 17.09.2019

Vedlegg:

Invitasjon - Nominasjon til fylkeseldrerådet i nye Vestland fylkeskommune
Saksliste FYEL 19.06.19
Protokoll FYEL 19.06.19
SAK: "Leve hele livet" - Stortingsmelding 15 (2017 - 2018)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjeraast i eldrerådet

Pensjonistforeiningar i Hordaland og Sogn og
Fjordane
Kommunale eldreråd i Hordaland og Sogn og
Fjordane
Organisasjonar som representerer eldre

Dato: 03.07.2019
Vår ref.: 2019/13722-1
Saksbehandlar: marsolh

Nominasjon av representantar til fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune for perioden 2019 - 2023

09.09.19 er det kommunestyre- og fylkestingsval, og ved årsskiftet vert noverande Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune slått saman til Vestland fylkeskommune. I samband med dette skal det veljast medlemer til fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune, og vi inviterer med dette organisasjonar som representerer eldre til å nominere kandidatar til fylkeseldrerådet.

Fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune skal ha ni medlemer, der av to fylkestingsrepresentantar og sju medlemer valde etter forslag frå organisasjonar som representerer eldre. Fleirtalet av medlemene i fylkeseldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

Forslag til medlemer vert lagt fram for valnemnda og fylkestinget under det konstituerande fylkestinget 15.-16.10.19, og det er fylkestinget som vedtar samansetninga av fylkeseldrerådet. Fylkeseldrerådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden, og rådet vel sjølv sin leier og nestleiar blant medlemene.

Namn på kandidatar og grunngjeving for nomineringa sendast til folkevalde@hfk.no innan 31.08.2019.

Vi oppmodar til å nominere samfunnsengasjerte kandidatar av fleire kjønn, og gjer merksam på at all sakshandsaming i fylkeskommunen er elektronisk (naudsynt opplæring vil bli gjett). Nominerte kandidatar må ha gjeve skriftleg samtykke, ha stemmerett ved valet, og vere folkeregistert i fylket på tidspunktet for valet.

Fylkeseldrerådet er rådgjevande organ for fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i alle saker som angår eldre, og rådet kan også ta opp saker på eige initiativ. For utfyllande informasjon visast det til

- [Lov om kommuner og fylkeskommuner](#)
- [Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom](#)
- [Reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune](#)

Bertil Søfteland
leiari, fylkessekretariatet i Hordaland

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 44/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 45/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 46/19	Godkjenning av sakliste		
PS 47/19	Referatsak (meldingar)		
RS 15/19	Uttaler frå årsmøtet til pensjonistforbundet Hordaland	2018/16480	
RS 16/19	Intervjureferat frå forvaltningsrevisjonen av TT-ordninga i HFK	2018/16480	
RS 17/19	Tilbakemelding på høyringssvara til Seniorplanen til Bergen kommune	2018/16480	
RS 18/19	Budsjettstatus for FYEL og utgifter til Vestlandskonferansen	2018/16480	
PS 48/19	Ymse		
PS 49/19	Invitasjon til presentasjon av FYEL i Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter	2018/16480	
PS 50/19	Høyring - NOU 2019:10 - Openhet i grenseland	2018/16480	
PS 51/19	Evaluering av Vestlandskonferansen 2019	2018/16480	
PS 52/19	Evaluering av den nasjonale eldrerådskonferansen 2019	2018/16480	
PS 53/19	Haustkonferansen 2019	2018/16480	
PS 54/19	Invitasjonar til orienteringar i neste møte for fylkeseldrerådet	2018/16480	

Utval: **Fylkeseldrerådet i Hordaland**
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato: 19.06.2019
Tidspunkt: 09:30-14:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunda Falao Sparre	Leiar	LOP
Monrad Reigstad	Nestleiar	PF
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Gunvor Opedal	Medlem	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV
Odd Himle	Medlem	SN-H
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Tor Ivar Sagen Sandvik	Seniørrådgjevar, opplæringsavdelinga
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær/rådgjevar

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 44/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 45/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 46/19	Godkjenning av sakliste		
PS 47/19	Referatsak (meldingar)		
RS 15/19	Uttaler frå årsmøtet til pensjonistforbundet Hordaland	2018/16480	
RS 16/19	Intervjureferat frå forvaltningsrevisjonen av TT-ordninga i HFK	2018/16480	
RS 17/19	Tilbakemelding på høyringssvara til Seniorplanen til Bergen kommune	2018/16480	
RS 18/19	Budsjettstatus for FYEL og utgifter til Vestlandskonferansen	2018/16480	
PS 48/19	Ymse		
PS 49/19	Invitasjon til presentasjon av FYEL i Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter	2018/16480	
PS 50/19	Høyring - NOU 2019:10 - Openhet i grenseland	2018/16480	
PS 51/19	Evaluering av Vestlandskonferansen 2019	2018/16480	
PS 52/19	Evaluering av den nasjonale eldrerådskonferansen 2019	2018/16480	
PS 53/19	Haustkonferansen 2019	2018/16480	
PS 54/19	Invitasjonar til orienteringar i neste møte for fylkeseldrerådet	2018/16480	

PS 44/19 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

PS 45/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Monrad Reigstad (PF) hadde ynskje om at det skal sendast melding om at møteprotokoll er utarbeida, til organisasjonane.

Vedtak

Møteprotokollen frå møte den 11.04.2019 vart godkjent med merknaden ovanfor.

PS 46/19 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Vedtak

Sakslista vart godkjent utan merknader.

PS 47/19 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Referatsakene 15/19, 17/19-18/19 vart refererte.

RS 16/19 Intervjureferat frå forvaltningsrevisjonen av TT-ordninga i HFK: Det var ein skrivefeil i referatet frå Deloitte. Ein vil kontakta Deloitte for at feilen skal bli retta.

PS 48/19 Ymse

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Orientering:

Tor Ivar Sagen Sandvik, seniorrådgjevar opplæringsavdelinga:
Skolebruksplan og status helsefag, inkl. aktivitørfaget.

Odd Himle (SN-H) orienterte om arbeidet med Stortingsmelding nr. 15 «Leve hele livet».

Gunvor Riim Opdal (PF) sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Hordaland sender melding til dei kommunale eldreråda og ber om at eldreråda syter for at Stortingsmelding nr. 15 «Leve hele livet» vert politisk forankra i kommunestyrrene.»

Røysting

Opdal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Hordaland sender melding til dei kommunale eldreråda og ber om at eldreråda syter for at Stortingsmelding nr. 15 «Leve hele livet» vert politisk forankra i kommunestyrrene.

Inger Sjønig (H) orienterte kort om dialogmøtet om «Leve hele livet» den 14.06.2019 og uttalar fra «Storbykonferansen for eldreråd den 4- 6. juni. Uttalane og invitasjonen til dialogmøtet vil bli sendt medlemane i fylkeseldrerådet, til informasjon.

Monrad Reigstad (PF) tok opp temaet pasienttransport av eldre på nattetid frå sjukehus til heimkommunen. Synnøve Solbakken (A) vil utarbeide eit forslag til brev som vil bli sendt til helseføretaka.

Fylkeseldrerådet er opprørt over at slik transport har gått føre seg, og vil forsikre seg om at den er stoppa.

Det er eit ønskje om ei orientering frå Skyss på møtet i fylkeseldrerådet den 07.11.2019, angåande Service-linjene som vert lagt ned. Orientering: «Korleis ser Skyss for seg transport for eldre, både i Bergen by og i Vestland fylkeskommune elles.»

Det vart presisert at dette ikkje gjeld Transportordninga for funksjonshemma.

PS 49/19 Invitasjon til presentasjon av FYEL i Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Inger Sjøngh (H) og Monrad Reigstad (PF) sette fram slikt forslag:

1. «Fylkeseldrerådet inviterar Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter til fylkeseldrerådet sitt møte den 05.09.2019 for å få informasjon om kontaktutvalget sine ynskjer frå fylkeseldrerådet angåande eldre invandralar.
2. Fylkeseldrerådet v/leiar møter på kontaktutvalget sitt møte den 30.08.2019 og informerer om fylkeseldrerådet.»

Røysting

Sjøngh og Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. «Fylkeseldrerådet inviterar Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter til fylkeseldrerådet sitt møte den 05.09.2019 for å få informasjon om kontaktutvalget sine ynskjer frå fylkeseldrerådet angåande eldre invandralar.
2. Fylkeseldrerådet v/leiar møter på kontaktutvalget sitt møte den 30.08.2019 og informerer om fylkeseldrerådet.»

PS 50/19 Høyring - NOU 2019:10 - Openhet i grenseland

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet skriv eit forslag til høyringssvar som vert handsama i rådsmøtet i september.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet AU får i oppdrag å utforma eit høyringsvar til NOU 2019: 10 «Openheit i grenseland». Forslag til høyringssvar vert lagt fram for fylkeseldrerådet sitt møte den 05.09.2019.»

Røysting

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet AU får i oppdrag å utforma eit høyringsvar til NOU 2019: 10 «Openheit i grenseland». Forslag til høyringssvar vert lagt fram for fylkeseldrerådet sitt møte den 05.09.2019.

PS 51/19 Evaluering av Vestlandskonferansen 2019

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fra slikt forslag:

- «Vestlandskonferansen, gode innslag i programmet:
- Innslaget om demensforskning
 - Velferdsteknologi
 - Musikkterapi»

Røysting

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestlandskonferansen, gode innslag i programmet:

- Innslaget om demensforskning
- Velferdsteknologi
- Musikkterapi

PS 52/19 Evaluering av den nasjonale eldrerådskonferansen 2019

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

«Særskilt bra i programmet som ein kan ta med seg vidare:

Foredraget: «Alle vil leve lenge, men ingen vil bli gamle.»

Røysting

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

«Særskilt bra i programmet som ein kan ta med seg vidare:

Foredraget: «Alle vil leve lenge, men ingen vil bli gamle.»

PS 53/19 Haustkonferansen 2019

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Synnøve Solbakken (A) sette fram slikt forslag:

«Haustkonferansen er ei årleg konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland, i regi av fylkeseldrerådet i Hordaland. Den komande regionreforma vil ha følgjer for årets konferanse.

Derfor bør Haustkonferansen for Fylkeseldreråd i Vestland fylke arr. til våren 2020. Dette fordi begge dei to fylkeseldreråda då kan vera med å planleggja konferansen tid, stad, tema og førelesarar.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

«Haustkonferansen 2019 vert gjennomført som planlagt. Dette med bakgrunn i at fylkeseldrerådet allereie er kome langt i planlegginga av haustkonferansen 2019. Møtestad er bestemt. Hotel, møtelokale er bestilt og dato er bestemt. Målgruppa, dei kommunale eldreråda i Hordaland forventar konferansen hausten 2019. Ein konferanse våren 2019 vil kollidere med andre store konferansar.»

Røysting

Solbakken sitt forslag fekk to røyster (A, Solbakken og H, Sjong) og fall. Sparre sitt forslag fekk fem røyster (LOP ,Sparre, PF, Opedal, Lingjerde, Reigstad og SN-H Himle) og vart vedteke.

Vedtak

Haustkonferansen 2019 vert gjennomført som planlagt. Dette med bakgrunn i at fylkeseldrerådet allereie er kome langt i planlegginga av haustkonferansen 2019. Møtestad er bestemt. Hotel, møtelokale er bestilt og dato er bestemt. Målgruppa, dei kommunale eldreråda i Hordaland forventar konferansen hausten 2019. Ein konferanse våren 2019 vil kollidere med andre store konferansar.

PS 54/19 Invitasjonar til orienteringar i neste møte for fylkeseldrerådet

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Monrad Reigstad (PF) sette fram slikt forslag:

«Fellesnemnda vert invitert til møte i fylkeseldrerådet den 05.09.2019 for å informere om økonomi i Vestland fylkeskommune.»

Røysting

Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda vert invitert til møte i fylkeseldrerådet den 05.09.2019 for å informere om økonomi i Vestland fylkeskommune.